

INNTAKSREGLEMENT FOR NORHEIMSUND FRISKULE

1. Alle som fyller vilkåra for opptak i tilsvarende offentlig skule kan vere elev ved Norheimsund Friskule. Skulen har heile landet som inntaksområde. (Friskulelova § 3-1).
2. Rektor står for elevinntaket. I skuleåret kan lærarar og kontaktlærar takast med på råd ved elevopptak. Skulen tek normalt ikkje inn elevar etter 1. oktober. For 10. trinn tek ein berre i særskilte tilfelle inn etter 1. oktober.
1. Dersom det er ledige elevplassar og ein ønskjer inntak i løpet av skuleåret, må skulen vurdere om det er fysisk plass i tildelte klasserom og grupperom, og om skulen klarer å skaffe nok personale til å gje eit fullverdig skuletilbod til kvar enkelt elev.
2. Søknadsfristen er 1. desember halvåret før nytt skuleår, og inntaket skjer etter det. Følgjande søkjarar har prioritet ved opptak dersom det er fleire søkjarar enn skulen har kapasitet til (jf. Friskulelova § 3-1, andre ledd). Dersom det er ledig kapasitet etter inntaket er gjort, gjer skulen fortløpande inntak utover våren og sommaren.
 - a) Born til faste medlemmar i styret til Foreininga Norheimsund Friskule.
 - b) Born til fast tilsette eller tilsette i mellombelse stillingar i opptaksåret.
 - c) Søsken til dei som alt er elevar, eller har vore elev tidlegare. Dette gjeld og fostersøsken.
 - d) Elevar til småtrinnet, etter følgjande prioritering: 1. klasse, 2. klasse, 3. klasse og 4. klasse.
 - e) Ledig kapasitet på trinnet/klasseromma
 - f) Dato for innlevering av søknaden
3. Ved opptak kan skulen krevje eit administrasjonsgebyr på kr. 1000,-. Dette vil inngå som del av første foreldrebetaling, men vert normalt ikkje betalt tilbake om søkjaren trekkjer seg.
4. Foreldre kan klage på rektors avgjerd om elevopptak inn for styret for skulen. Statsforvaltaren i Vestland, Utdanningsavdelinga, er klageinstans ved vedtak om inntak. Jf. Forvaltningslova Kap. 6. Klagefristen er 3 veker.
5. Inntaksreglementet vert vedteke av styret, og det er styret som må gjere eventuelle endringar i reglementet. (Friskulelova § 5-2, 2.ledd pkt. d).
6. Søknadsskjema vert utforma av rektor. Rektor avgjer kva opplysningar skulen skal be om innanfor det regelverket som elles gjeld i slike saker.

Revidert og godkjent av styret for Norheimsund Friskule

1. oktober 2024